

Oppdrag: Varm og kald luft

Lufta finst rundt oss heile tida. Vi tenker ikkje over at lufta tar plass, men det gjer ho.

Kva trur du tar størst plass av varm eller kald luft? Det kan du finne ut ved å gjere dette forsøket.

Du treng:

- ei plastflaske
- ein ballong
- to djupe skåler
- varmt vatn
- iskaldt vatn / isbitar

Gjer slik:

Fest ballongen over flasketuten. Fyll den eine skåla med varmt vatn. Den andre skåla fyller du med iskaldt vatn (eller isbitar viss du har).

Plasser flaska ned i skåla med varmt vatn. Ganske snart vil du sjå at ballongen begynner å blåse seg opp. Når ballongen har blåse seg litt opp, kan du flytte flaska over i skåla med det iskalde vatnet.

Følg nøye med på kva som skjer med ballongen no.

Skriv her kva som skjedde med ballongen.



Til den vaksne: Når lufta blir varma opp av det varme vatnet i skåla, vil lufta utvide seg. Lufta treng meir plass og fyller tomrommet i ballongen. Når lufta blir kjølt ned i det iskalde vatnet, trekker ballongen seg saman igjen. Det er fordi kald luft trekker seg saman og tar mindre plass.